

Møte med Hellstrøm og litt ferie

19.06.2013

Dei som undrast på korleis det går med Elin Enes etterat fleire har meldt seg på matmarknaden i bygda treng neppe å gjera det. Den dyktige jenta med matgledene har nok å gjera, faktisk så mykje at ho ikkje kjem til å bevilga seg meir enn ei veke ferie - frå i morgon.

Men ein rekk det meste når ein har ein snill mann - også å dra til Oslo for å treffa Hjemmekokkelauguet og Eyvind Hellstrøm, Uskedelingen er laugets bakemeister og ein finn mange av oppskriftene hennes på Jerniasidene.

Osloturen skjedde sist helg og Elin skriv på Facebook at mannen er verdas snillaste som tok seg fri frå jobben for å køyra henne til laugsmøtet.

Og ikkje nok med det. Han køyrde henne også heim i løpet av natta slik at ho kunne lage maten ho hadde lova på laurdag..

Møtet med meisterkokken og dei andre laugsmedlemmen var kjekt. Og Elin laga ein rabarbrapai denne gongen, fortel ho til uskedalen.no

Av Ola Matti Mathisen